



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 10.12.2021

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 09.12.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Til stades:

Vidar Myren, Ellinor Austreim, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Alf Magnar Svartemyr, Andreas Ester.

Meldt forfall:

May-Wenche Fossmark, Sturla Bell Fossen, Frode Merkesvik, Marit Tonning

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Kenneth Førde, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkallinga vart godkjent uten merknader. Saklista vart godkjent med desse endringane: Sak 018/21 Lønsregulering for kyrkjevevje, og sak 023/21 Val av leiar og nestleiar vart handsama først, fordi nokre i fellesrådsmøtet måtte gå tidleg. Dessutan vart meldingssak 055 vedteke flytta over til vedtakssak med nr. 019/21. Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent med slik presisering: Møtedato skal vere 07.10.2021.

Som fylje av at både leiar og nesteiar i fellesrådet var fråverande, vart Tonje Førde Systad vald til møteleiar.

Meldingssaker

051 Soknepresten har ordet

Soknepresten snakka om utviklinga i koronapandemien, med nye innstrammingar i samfunnet. Kyrkjevevja supplerte med å vise til smittevernreglane som gjev rom for å gjennomføre planlagde arrangement på ein trygg måte innanfor dei smittevernreglane som gjeld no.

052 Rekneskapsrapport

Oppdatert rekneskapsrapport vart gjennomgått i møtet.

053 Arbeidsmiljøundersøking

Det har vore gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i Den norske kyrkja, og resultatet er presentert i ein rapport som nyleg er utgitt. Vi har bestilt ein meir detaljert rapport, som viser svara på prosti og kommunenivå.

054 Trusopplæringsstilling i samarbeid mellom Høyanger og Gaular

Prosessen med å inngå samarbeidsavtale er forseinka. Straks det er gjort formelle og bindande vedtak, vil arbeidet med samarbeidsavtale og stillingsutlysing bli teke opp att.

055 Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022 – 2025

Denne saka vart flytta over til vedtakssak

056 Glasmåleriet i Høyanger kyrkje – Tilstandsrapport frå NIKU

Rapporten som viser omfattande rustskader i glasmåleriet sin bærande konstruksjon, og vassinntrenging i korveggen i kyrkja, er lagt ut på vår heimeside.

Vedtakssaker

Sak 017/21 Framtida til Lavik kyrjekontor

Høyanger kyrkjelege fellesråd har motteke Lavik sokneråd sin uttale i denne saka, der dei i møte den 25.11.2021 gjorde slikt

Vedtak i sak 033/21:

«Lavik sokneråd går inn for at det skal vere eit kyrjekontor i Lavik. For tida finst det ikkje andre eigna lokale enn kontoret på Gamleskulen. Lavik sokneråd meiner at nokre av kostnadane, td. porto, lisens, kopiering, vil bli som meirkostnad for Høyanger kyrkje-kontor ved nedlegging av Lavik kyrjekontor. Lavik sokneråd seier opp leigeavtalen om Balubarommet, og lar husleiga på Balubarommet vere ein del av soknerådet sitt bidrag på kr. 15 000 i året for framleis å ha kontoret. Lavik sokneråd tar ansvar for at kontoret vert vaska på dugnad. Vurdering etter 2 år.»

På bakgrunn av Lavik sokneråd sitt vedtak, og etter uttale frå Alværostyret om at misjonssenteret ikkje eignar seg som alternativ stad for kontor og lager, gjorde HKF slikt

Vedtak:

«Saka vert utsett til prestesituasjonen i Lavik er meir avklart, og til Lavik prestegard er overteken av Dnk.»

Sak 018/21 Lønsregulering kyrkjeverje

Høyanger kyrkjelege fellesråd sitt forhandlingsutval la fram underskriven protokoll frå forhandlingane med kyrkjeverja sin organisasjon Lederne. Kyrkjeverja var ikkje til stades under handsaminga av denne saka.

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd godkjenner samrøystes protokollen frå forhandlingane, som gjev kyrkjeverja ei årsløn på kr. 660 000 med verknad frå 01.10.2021.

Sak 019/21 Budsjett 2022

I Budsjett for Høyanger kommune 2022 er det lagt inn den summen vi søkte om, kr. 4 345 000. I økonomiplan 2022 - 2025 er det lagt inn 500 000 til Lavik kyrkje i 2022, 200 000 til Ortnevik kyrkje i 2023, 250 000 til gjærde Sæbø gravplass i 2024 og 400 000 til Vadheim gravplass i 2025.

Vedtak: HKF godkjenner resultatet av forhandlingane som kyrkjeverja har hatt med Høyanger kommune om budsjett og økonomiplan.

Sak 020/21 Fellesrådet sin møteplan for 2022

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd set opp desse møtedatoane:

27.01. – 17.02. – 24.03.- 28.04.- 23.06. Resten av datoane vert bestemt i neste møte.

Sak 021/20 Fjerning av benker i Lavik kyrkje

Høyanger kyrkjelege fellesråd har tidlegare i sak 021/19, handsama søknad frå Lavik sokneråd om løyve til å fjerne eit par benker i Lavik kyrkje. Etter at det så kom ynskje om å fjerne fleire benker, vart vidaresending av saka til biskopen utsett til spørsmålet om kor mange benker ein ynskjer fjerna var endeleg avklart. Det er det no, Lavik sokneråd har i sak 29/21 gjort vedtak om at dei ynskjer å fjerne 4 benker frå Lavik kyrkje: Dei to fremste på venstre side, den fremste på høgre side, og den bakerste på venstre side.

Vedtak: HKF støttar Lavik sokneråd sitt ynskje om å fjerne fire kyrkjebenker frå Lavik kyrkje som beskrive i deira vedtak i sak 29/21. Kyrkjeverja utformar snarast ein søknad til Biskopen, med bilete og skisser over dei omsøkte endringane.

Sak 022/21 Organisering av kyrkjeskys i Høyanger sokn

Saka er reist for HKF av Høyanger sokneråd, som vil ha hjelp av kyrkjekontoret til å administrere ordninga.

Vedtak: Saka vert utsett til neste møte i fellesrådet.

Sak 023/21 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet

Fellesrådsleiar May-Wenche Fossmark hadde sagt frå seg attval som leiar. Fellesrådet drøfta saka, og uttrykte takk til May-Wenche for hennar arbeid som leiar i året som har gått. Det vart deretter gjennomført skriftleg val, først på leiar, og så nestleiar, med slikt resultat:

Vedtak:

Leiar: Sturla Bell Fossen	9 røyster (1 medlem røysta pr. telefon)
Nestleiar: Tonje Førde Systad	8 røyster

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje